

**From:** Veronica Opsanger <[airportno@yahoo.no](mailto:airportno@yahoo.no)>  
**Sent:** 30. januar 2019 21:43  
**To:** [postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)  
**Cc:** Solvang Tord  
**Subject:** Klage på vedtak - ONARHEIM KRAFTVERK

**Fra:** Veronica Opsanger <[airportno@yahoo.no](mailto:airportno@yahoo.no)>  
**Dato:** 28. januar 2019 kl. 00:52:05 CET

**Emne: ONARHEIM KRAFTVERK**  
Til NVE, styret i SKL, og olje & energidepartementet.

Ufattelig..rett & slett, at doke vel å ignorere anbefalinger både frå vassverket, fylkesmann, turlaget, fleire andre flotte foreninger, viktige uttalelsar frå fleirtalet av oss som bur her, miljø-foreninger, grunneigarar som føler seg overkjøyrd i denne prosessen, og alle som har skrive inn.

Dette er eit område som er på A-lista, over områder det er særskilt viktig å verne om.

Vedtaket Dykker er ei sann skam.

Kva med artane på raud liste?

Bunndyr, alle dyra som lever i elva, og er avhengig av auke og forminsking av vannstanden. Svalen, Måkefugl, Vevkjerring, andre eddrkoppar, insekt, fossekall, sjeldne moseartar, elvesnelle, takrør, sivaks, or, hegg, rogn, sjeldne øyenstikkere, døgnfluer, elvesand-jegeren, hoggorm, pinnsvin.

Alle disse er på raud liste. Alle trives i området rundt elva. Og den er viktig for deira habitat.

Den er alt den, for disse dyra. Og den er alt for oss.

Den er sjølve grunnlaget for liv. Tek doke 75% av den. Tek doke også 75% av livet rundt. Om ikkje meir. Dei store dyra, treng dei små for å overleve, og alle har ein viktig misjon, i eit økosystem som allereie er meir øydelagt enn det det skal vera. I Norge AS.

I tillegg er elva ein del av Kvinnherad-fjella, ein del av vår maritime historie, og ein viktig del av folkesjela. Det er den me viser fram, når me får besøk. Det den buldrar så vakkert og flott. Det er der me går tur. Og den er me stolt av. Me som bur her. Elva er ein del av vår identitet. Så dette vedtaket om konsesjon, hadde me aldri trudd var muleg. Med eit område på A-lista, og eit område som ikkje skal rørast. Det sårar oss, heilt inn til margen.

Det er elva vår som gjer at Husnes i si tid vart ein attraktiv plass å busetje seg. Og at det framleis er det. Elva vår. Ein del av sjela vår. Ein viktig del. Av sjela vår.

Den synes me ingen skal øydeleggje. Eller røre ved. Berre å spør om det, synes me er utruleg frekt.

Og å vedta det, meinar me er eit soleklart brudd på grunnlovas paragraf 112. Bern-konvensjonen. Og lova om artsmangfald. Og lova skal gjelde for alle.

Alikevel er doke, i SKL, frekke nok til å komme med søknad om dette. Og doke i NVE, som skal vise at doke tek ansvar, i Dykkar verv. Det har doke ikkje gjort. Her hos oss. Det rykker me er hjarteskjærande, å sjå & oppleve.

Og det i ei tid der me mennesker, dei seinaste 20 åra, har teke livet av 60% av alt som er av alle ville dyr. På kloden vår.

No vil doke i tillegg ta 75% av elva vår. 75 % av livet rundt, og i den, om ikkje meir.. Og det som er drikkevatnet vårt.

Finnest det unnskyldning for sånt? Heng det, unnskyld meg, eller oss, men heng det på nokon måte, på greip?

Håpar doke kan vera så snille sjå på dette på nytt. Med tanke på oss. Det som er av levande liv, og framtida vår.

Dei negative konsekvensane overgår dei positive, med god margin. Det veit me, at doke veit. Like godt som oss. At enkelte ikkje likar vind-turbinar, blir ein heilt anna sak. Vår elv, skal ikkje ofrast, på grunn av det. Det blir feil. Det vart laga eit vedtak om å verne om miljøet, og elevane våre, tidlegare. Av den forrige regjeringa. Fylkesmannen i Trøndelag, har eit flott skriv om viktigheten av livet i elva, og elevane våre, langs kysten i Norge. Det er viktig at dei får det, dei som jobbar i NVE.

Håpar nokon kan oppdatere dei det gjeld, om lov-verket og hensynet bak. Det er viktig. Og håpar me kan sjå fram til ein endring, av vedtaket som er gjort.

Med vennlig helsing store & små i Kvinnherad,

NORGES VEL, alt som er av oppegåande folk & folk som bryr seg om naturen og framtida vår.

Ellers ynskjer om ein flott vinterdag, og fin lunsj. Til dei det gjeld.

Veronica Opsanger  
Tlf. [+47 97 15 08 90](tel:+4797150890)

Sendt fra min iPhone